

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

**Avdeling for
Kultur og folkehelse (KFO)**

Dato	12/09/2023
Vår referanse	2023/73557-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Robert Stormark
E-post	Robert.Stormark@vlfk.no
Telefon	40478898

Kulturminnefagleg fråsegn - søknad om bygging av landbruksveg - Indredalenvegen og Austremyrenevegen - Masfjorden kommune

Vi viser til brev datert 24.08.2023 med ovanfor nemnde sak til uttale. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Saka gjeld bygging av landbruksvegane Indredalenvegen og Austremyrenevegen, i Masfjorden kommune.

Vårflor med SEFRÅK id 1266-0001-053 på gnr. 2, bnr. 7/8 er merka med raud trekant i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden, og er difor meldepliktig etter kulturminnelova, jf. § 25. Ved tidspunkt for synfaring 30.08.23 var delar av grunnmur samanrast. Det er lagt til grunn i søknad om landbruksveg at arbeid rundt denne bygningen skal gjennomførast skånsomt for å sikre kulturminnet. Samanrasing skuldast allereie påbegynt tiltak på landbruksvegen Austremyrenevegen. Fylkeskommunen rår til at ein ryddar opp i og rundt floren. Store stein og knust tre bør løftast ut og fjernast, og det bør sikrast mot videre utrasing.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi ser at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Robert Stormark
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

